

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 13. mars 2019  
Møtestad: Rådhuset i Norddal kommune kl. 10.00

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Turid Aspehjell

**=3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte Svein Ove Otterlei.

Frå administrasjonen møtte rådmann Karl Andre Birkhol og kommunalsjef/prosjektleiar Hilde Dyrkorn.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

---

**Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 28. november 2018.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 28. november 2018 blir godkjent.

---

**Sak 02/19 - Forvaltningsrevisjon «Gjennomgang av byggesaksbehandling og kontroll i Norddal kommune**

Sakspapir frå sekretariatet datert 06. mars 2019.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

**På bakgrunn av ovanståande legg kontrollutvalet saka fram for Norddal kommunestyre med følgande innstilling til vedtak:**

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen av byggesaksbehandling og kontroll i Norddal kommune til vitande.

- 
2. Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten for å gjere tenestane innan byggesaksbehandling og kontroll betre i Norddal kommune.
  3. Kommunestyret ber rådmann spesielt sjå nærmare på kapittelet 5 til rapporten og sterkt vurdere om det er mogleg å innarbeide desse konkrete forslaga.
- 

### **Sak 03/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 06. mars 2019.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
  2. Kontrollutvalet ber kommunestyret ta saka til orientering.
- 

### **Sak 04/19 - Årsrapport 2018 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap 2018 for Norddal kommune**

Sakspapir frå sekretariatet datert 06. mars 2019.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

---

### **Sak 05/19 - Sekretariat for kontrollutvala frå 2020**

Sakspapir frå sekretariatet datert 06. mars 2019.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til innstilling:**

**Fellesnemnda for (Nye) Ålesund kommune og fellesnemnda for Fjord kommune gjer  
slikt likelydande  
vedtak:**

1. Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).
  2. Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalssekretariat i regi av SKS IKS.
- 

## **Sak 06/19 - Orientering om Fjord kommune ved prosjektleiar/rådmann Karl Andre Birkhol**

Sakspapir frå sekretariatet datert 06. mars 2019.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og vil invitere rådmann tilbake til kontrollutvalet for å følgje det vidare arbeidet med Fjord kommune.

---

Møtet var slutt kl. 11.50

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad  
nestleiar  
(sign.)

Turid Aspehjell  
medlem  
(sign)